
Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Referanse
2014/12476-1**Dato**
25.02.2014

Tilstandsrapport vidaregåande opplæring – forslag i desembertinget 2013

I samband med fylkestinget si behandling av sak 89/13 «Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2012-2013 for Hordaland fylkeskommune sette Tom Skauge på vegner av SV, MDG og KrF fram slikt oversendingsforslag a):

«Fylkestinget vil søkja på potten på 10 millionar kroner til konkrete tiltak for å bekjempa mobbing. Det kan vera å oppretta eit lærling/elev/mobbeombod (ber om at dette får prioritet).»

Svar: Fylkesrådmannen vil søkje på midlane som er løyvde i statsbudsjettet for 2014 til betre læringsmiljø og tiltak mot mobbing. Midlane er førebels ikkje lyst ut.

Tom Skauge sette på vegner av SV, MDG og KrF fram slikt oversendingsforslag b):

«Fylkestinget ber om ein gjennomgang av omfanget og kvaliteten på opplæringa for elevar med særskilde behov, og på bakgrunn av dette syte for at dei får både eit fjerde og femte studieår.»

Svar: Spesialundervisning i dei vidaregåande skulane i Hordaland har vore under tilsyn frå fylkesmannen i 2007 og 2012. Dette resulterte mellom anna i at opplæringsavdelinga utvikla eit eige system for sakshandsaming (NSSU) for å kvalitetssikre saksgangen for elevar med behov for spesialundervisning. Opplæringsavdelinga har no eit system som syner omfanget av elevar som får spesialundervisning, og gir moglegheit til å kvalitetssikre innhaldet i dei dokumenta som inngår i sakshandsaminga.

Elevar med vedtak om spesialundervisning:

2012-2013	897 elevar
2013-2014	947 elevar

Elevar som etter kapittel 5 i opplæringslova har rett til spesialundervisning, har rett til vidaregåande opplæring i inntil to år ekstra når eleven treng det i forhold til opplæringsmåla for den enkelte. Før fylkeskommunen gjer vedtak om utvida opplæringstid, skal det liggje føre sakkunnig vurdering av dei særlege behova eleven har. (jf. Opplæringslova § 3-1, 5. ledd)

For å sikre at elevar får det opplæringstilbodet dei har rett til, har opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune utarbeidd følgjande prosedyrar :

- Prosedyrar for inntak til vidaregåande opplæring med søknadsfrist 1. februar (for elevar med behov for særskilt tilrettelegging)
- Prosedyrar for søknader om utvida tid
- Prosedyrar for sakshandsaming av søknader om spesialundervisning

I Hordaland var det 82 søkjarar om utvida tid til skuleåret 2013-2014. (57 søkte om eit 4. år. 25 søkte om eit 5. år). Av desse fekk 71 vedtak om utvida tid medan 11 søkjarar fekk avslag. 2 av dei 11 som fekk avslag, klaga til fylkesmannen – ein fekk avslag og ein fekk medhald.